

PROTOKOLL

Ryfylkefondet

Møtedato:21.05.2021

Utval: Ryfylkefondet
Møtestad: Digitalt møte i Teams
Tid: 08:30 – 10:00

Til stades: Asbjørn Birkeland, Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Irene Heng Lauvsnes, Marianne Chesak, Stanley Wirak og Geir Ims.

Øyvind Lundbakk deltok som observatør.

SAKLISTE

20/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:
Saksliste blei godkjent

21/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.03.21

Vedtak:
Protokoll frå 18.03.21 blei godkjent

22/21 OPPLØYSING AV DAGENS RYFYLKEFOND

Styret fekk på førehand kopi av brev frå aksjonsgruppa ja til folkeviljen, nei til tvangssamanslåing. Og det blei drøfta om løyvinga til Espedal Frafjord skulle bli ståande slik at ein overførte mindre til Sandnes ved oppløysing. Brevet er vedlagt protokoll.

Tilråding:
Styret i Ryfylkefondet ber Rogaland fylkeskommune, Sauda-, Suldal-, Hjelmeland-, Strand- og Sandnes kommune om at Ryfylkefondet vert oppløyst.

Balanse og forpliktelsar, med fradrag av kr. 2.000.000 til Sandnes kommune, vert overført til ny formell organisering i eit kommunalt oppgåvefelleskap.

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding.

23/21 NY ORGANISERING AV RYFYLKEFONDET

Stanley Wirak deltok ikkje i handteringa av denne saka.

Tilråding:

Styret i Ryfylkefondet ber Rogaland fylkeskommune, Sauda-, Suldal-, Hjelmeland- og Strand kommune om å delta i oppretting av ny organisering av Ryfylkefondet i eit nytt kommunalt oppgåvefelleskap.

Avtale om finansiering av fondet gjeld fram til og med 2024, med plan om fornying i ny 5 års periode.

Vedtak:

I samsvar med tilråding med 5 av 5 stemmer.

24/21 SØKNAD FRÅ AABØBYENS VENER

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 1.000.000,- til tiltak skildra i søknad.

Vedtak: Samrøystes i samsvar med tilråding.

25/21 SØKNAD FRÅ SAUDADAGANE

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 50.000,- til tiltak skildra i søknad, på vilkår av at arrangement vert gjennomført.

Vedtak:

Samrøystes i samsvar med tilråding.

26/21 SØKNAD FRÅ JØSENFJORD RUTELAG A/L

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver kr. 750.000,- til tiltak skildra i søknad.

Vedtak:

Ryfylkefondet løyver kr. 1.000.000 til tiltak skildra i søknad.
Samrøystes.

27/21 NORDISK FILM

Tilråding:

Ryfylkefondet løyver inntil kr. 250.000,- til innspeling av nye episodar av 71 g Nord i Ryfylke.

Av desse er kr. 50.000 øyremerka årets innspeling.

Det vert sett av kr. 60.000,- til ein visningstur i Jøsenfjorden og Ryfylkebassenget som avsluttast med ein halv dag i Sauda .Denne turen kan og nyttast i kombinasjon til å flytta heile filmteamet frå Jørpeland/Stavanger til Sand eller motsett.

Ryfylkefondet løyver kr. 140.000,- til ei eventuell ny innspeling i 2022 på vilkår at me er nøgd med den totale løysinga.

Vedtak:

Ryfylkefondet løyver inntil kr. 250.000,- til innspeling av nye episodar av 71 g Nord i Ryfylke.

Av desse er kr. 50.000 øyremarka årets innspeling.

Det vert sett av kr. 60.000,- til ein visningstur som Reisemål Ryfylke følgjer opp.

Ryfylkefondet løyver kr. 140.000,- til ei eventuell ny innspeling i 2022 på vilkår at me er nøgd med den totale løysinga.

28/21 ORIENTERINGS- OG DRØFTINGSAKER

a. Rekneskap pr 30.04.1

b. Løyvde midlar 2021

Tilråding:
Styret tek informasjonen til vitande.

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding.

29/21 YMSE

Det var ingen saker til handsaming under ymse.

30/21 ÅRSMØTE

Tilråding:
Årsoppgjjer vert godkjent slik det ligg føre:

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding

Geir Ims